



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ungdomsrådet  
**Møtestad:** Møterom A, Volda rådhus  
**Dato:** 04.06.2014  
**Tid:** 16:10 til 17:45

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mathilde Sjøhelle Eiksund	Leiar	Volda vgs.
Peter Bjørneset	Nestleiar	Ungdomsklubben
Eirik Eiksund	Medlem	Volda ungd.
Ragnhild Sunde Stokke	Medlem	Volda ungd.
Maiken Gjøsdal	Medlem	Volda ungd.
Ole Martin Iversen	Medlem	Volda vgs.
Jonas Otheim Myklebust	Medlem	Lag og org.

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lene Kongsvoll	MEDL	Folkestad ungd.
Sivert Rabben Aam	MEDL	Volda ungd.
Amailie Gjøsdal Wollmann	MEDL	Lag og org.
Helga Hagen	MEDL	Austefjord
Åshild Vik		Politisk fadder

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
May-Lisbet Lande	Koordinator

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
	<b>SAKER TIL HANDSAMING</b>
PS 27/14	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 28/14	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte</b>

**Tema: Skatepark**

*Det er klart for støyping av plate i v. 24. Modular til parken vert levert og montert i juli.  
Offisiell opning av parken vert rundt skulestart*

## Ymse:

- Evaluering av ungdomens spørjetime i Volda kommunestyre  
*Ungdomsrådet er svært godt nøgde med responsen dei fekk på spørsmåla under spørjetimen og ser stor nytteverdi av møte med kommunestyret.*
- Evaluering av vårhalvåret  
*Viktigaste sak for ungdomsrådet i vårhalvåret har vore "berging" av ungdomsklubben.  
Heim for ein 50 lapp, UKM Volda, 16 års stemmerett ved lokalvalg, marknadsføring av ungdomsrådet med gensera og logo, fellesmøte med Ørsta ungdomsråd og møte med elevråda på skulane har også vore nyttige saker.*
- Planlegging av valet til hausten
  - *Ungdomsrådet vil ha stand i gata med info om rådet og nyval 30. august.*
  - *Representantane frå kvar skule i lag med leiar Mathild får i oppdrag om å marknadsføre valet på sin skule.*
  - *Før ferien vil ein besøke 7. klassene på dei største skulane i kommuna med marknadsføring av rådet og valet til hausten.*
  - *På sikt er det ynskjeleg med digitalt skjema for valget på kommuna si heimeside.*
  - *Leiar Mathilde S. Eiksund koordinerer arbeidet med valet og marknadsføringa.*
- "Tut aksjon" - flytting av dag  
*Er ei sak for å sette lys på homofili på Søre Sunnmøre. Aksjon vil bli gjennomført i rundskjøring på Furene torsdag 12. juni. Leiar Mathilde skriv presseomtale.*
- Budsjett  
*Ungdomsrådet løyver kr. 15.000,- i støtte til Volda Dirt Park.*

## Søknad:

Volda Dirt Park er i ferd med å bli en realitet, og nå ber vi Ungdomsrådet om hjelp til å kunne gjøre resultatet enda bedre.

Vi kommer til å trenge en del masse - som ikke er tilgjengelig på selve anleggsområdet - for å bygge pumptracken og dirthoppene sikrest og best mulig. Denne massen er det kun en leverandør i området som har, Standal Knuseverk, og vi har fått et svært godt tilbud fra dem, siden dette er arbeid som kommer barn og unge i Volda til glede og nytte. Likevel, det vil koste oss ca 20 000,- å få tilkjørt nok masse (5 lastebillass) til å bygge basisstrukturen i parken. I tillegg ønsker vi å kunne merke anlegget med skilt (påbud om hjelm og andre sikkerhetsvarsler), samt oppmerking av løypene inne på anlegget (hvitmaling/pulver). Vi trenger å kjøpe inn en del spader, river, hakker, trillebår osv. til bruk under konstruksjon og vedlikehold av anlegget, og anser at disse punktene (merking og verktøy) vil ligge på rundt 5 000,-.

Totalt søker vi altså opptil kr 25 000,-, og håper Ungdomsrådet har mulighet til å hjelpe oss med hele eller deler av beløpet :-)

Dersom vi får denne hjelpen, og regner inn normal framdriftsfart fra Volda Maskin og Standal Knuseverk, samt innsats fra frivillige, bør vi kunne se en åpning av parken i løpet av juni måned.

Jørn Harald Persson  
Styreleder, Volda Dirt Park

- Nytt og lokale til ungdomsklubben - orientering  
*Leiar Mathilde orienterte om framdrift i saka.*
- Sommaravslutning  
*Leiar serverte kake på møte. Ungdomsrådet vil ha ein sosial kveld med grilling etc. dato vert avtalt på facebook sida.*

## **SAKER TIL HANDSAMING**

### **PS 27/14 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 04.06.2014**

*Samrøystes vedteke*

### **PS 28/14 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte**

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 04.06.2014**

*Samrøystes vedteke*

Møte slutt kl. 17:45

Volda kommune, Kultur og service  
05. juni 2014

May-Lisbet Lande  
Koordinator